

Detaljplan for miljø og landskap

ved bygging av

Evebøfossen kraftverk

Gloppen kommune

Vestland fylke



Utarbeida av / sign.:  Svein Arne Drægner	Kontrollert av / sign.:	Dato: 06.07.2026
Bystøl AS	Tlf: 57 69 85 80 Fax: 57 69 85 81	e-post: post@bystol.no web.: www.bystol.no

Innhold

1	Grunnlagsdata	4
1.1	Samandrag	4
1.2	Om konsesjonæren og anlegget	5
1.3	Lokalisering	6
1.4	Orienterende framdriftsplan	6
1.5	Lokal orientering/nabovarsling	6
2	Gjeldende vilkår og eventuelle endringer	7
2.1	Om konsesjonen, bakgrunnsnotatet og eventuelle endringer	7
2.2	Fare- og problemområde for miljø og landskap	8
2.3	Avbøtende tiltak for miljø og landskap	9
3	Beskriving av anlegget	10
3.1	Anleggsdeler	10
3.1.1	Minstevassføring	10
3.1.2	Reguleringsmagasin	10
3.1.3	Dam	10
3.1.4	Inntak, vassveg og kraftstasjon	11
3.1.4.1	Støy	13
3.1.5	Vegar	13
3.1.5.1	Permanente vegar	13
3.1.5.2	Midlertidige vegar	13
3.1.6	Riggområde	14
3.1.7	Masseuttak/massedeponi	14
3.1.8	Tilknytning til nettet	14
3.2	IK-vassdrag	14
3.2.1	Generelt	14
3.2.2	Prosedyre for avviksregistrering	15
4	Forhold rundt anlegget	16
4.1	Naturfare	16
4.1.1	Maskinsal og inntak	17
4.2	Klimatilpassing	19
4.3	Naturmangfaldlova	19
4.4	Kantvegetasjon	20
4.5	Forholdet til andre myndigheter / lover	20
4.5.1	Plan- og bygningsloven	20

4.5.2	Kulturminnelova.....	20
4.5.3	Forureiningslova.....	20
4.5.4	Drikkevassforskrifta.....	20
4.5.5	Mineralloven/-forskrifta.....	21
4.5.6	Motorferdsellova	21
4.5.7	Veglova.....	21
4.5.8	Reindriftslova	21
5	Vedlegg.....	22
6	Referansar	22
7	Dokument som ettersendast.....	22
	Vedlegg 1 – Oversiktskart.....	23
	Vedlegg 2 - Bilde og fotomontasje frå tiltaksområdet	24
	Vedlegg 3 - Utdrag av internkontrollplan.....	25
	Vedlegg 4 – Flaumutrekning dam / inntak	30
	Vedlegg 5 - Avtale om nettilknytning	31
	Vedlegg 6 – Multiconsult AS – Notat om fiskevandring.....	32
	Vedlegg 7 - Teikningsliste og teikningar	33

Revisjonshistorikk

Revisjon	Forklaring
0	Ny

1 Grunnlagsdata

1.1 Samandrag

Gloppen Energi AS planlegg rehabilitering / bygging av Evebøfossen kraftverk. Eksisterande kraftverk skal rivast for å gi plass til nytt inntak og kraftstasjon i ein og same konstruksjon. Kraftverket vil utnytte fallet i Gloppeelva frå HRV på kote +8,05 moh til kraftstasjonen med terskel i utløpskanal på kote -2,00 moh. Tiltaksområdet ligg rett sør for Sandane sentrum i Gloppen kommune i Vestland fylke. Kraftverket får installert effekt på 0,8 MW, slukeevne 14,0 m³/s og ein estimert årsproduksjon på 7,2 GWh. Anlegget vil bestå av kraftstasjon, inntak og dam. Frå inntaksrista blir vatnet leda gjennom ein betongkanal mot turbinen i kraftstasjonen. Tiltaket er ikkje planlagt med slepp av minstevassføring utanom vatnet som går i laksetrappa og naturleg overløp.

Tilkomsten til kraftverket blir frå fylkesveg 5733, Søreidsvegen. Eksisterande veg til kraftstasjonen vil bli nytta som ny permanent veg, sjå teikning 100-2.

Alle midlertidige areal vil bli tilbakeført til opphavelig stand i samband med terrengoppussing. Terrenget vil så langt det let seg gjera bli tilbakeført til opphavelig nivå. I samband med terrengoppussing vil stadleg vekstjord bli lagt tilbake over midlertidige areal som riggområde og midlertidige vegar. Oppfylling blir tilpassa mot terrenget rundt. Over tid vil synlege spor etter utbygginga avgrense seg til kraftstasjon, inntak og dam.

1.2 Om konsesjonæren og anlegget

Konsesjonær	Navn: Gloppen Energi AS		
	Kontaktperson: John Morten Selsvik	Tlf: 979 68 095	Epost: john.morten.selsvik@ gloppen.kommune.no
	Adresse: Sørstrandvegen 227, 6823 Sandane		
	Organisasjonsnummer: 993 039 330		
Informasjon om anlegget	Konsesjon: NVE referanse: 201503566-21		
	Anleggets navn: Evebøfossen kraftverk		
	Lokalisering: Gloppen kommune i Vestland fylke		
Kontaktinformasjon byggefase	Kontaktperson miljø/landskap: Odd Rune Håland	Tlf: 976 04 109	Epost: post@fjordanetekniske.no
	Prosjektleder - byggefase: Odd Rune Håland	Tlf: 976 04 109	Epost: post@fjordanetekniske.no
	Byggeleder: Odd Rune Håland	Tlf: 976 04 109	Epost: post@fjordanetekniske.no
	Fagkompetanse miljø- og landskap: Svein Arne Drægni	Tlf: 971 52 223	Epost: svedra@bystol.no
Kontaktinformasjon driftsfase	Kontaktperson miljø/landskap: John Morten Selsvik	Tlf: 979 68 095	Epost: john.morten.selsvik@ gloppen.kommune.no
	Dagleg leder: John Morten Selsvik	Tlf: 979 68 095	Epost: john.morten.selsvik@ gloppen.kommune.no
	Fagkompetanse miljø- og landskap: John Morten Selsvik	Tlf: 979 68 095	Epost: john.morten.selsvik@ gloppen.kommune.no

	Tilsynsperson/oppfølging miljø- og landskap: John Morten Selsvik	Tlf: 979 68 095	Epost: john.morten.selsvik@ gloppen.kommune.no
--	--	--------------------	--

1.3 Lokalisering

Evebøfossen kraftverk litt sør for Sandane sentrum i Gloppen kommune. Elva har utløp i Gloppefjorden om lag 1 kilometer nedstrøms kraftverket. For oversiktskart, sjå vedlegg 1.

1.4 Orienterande framdriftsplan

- | | |
|---------------------------------------|----------------|
| • Tilrigging og forberedande arbeid: | Oktober 2026 |
| • Grunnarbeid inntak / kraftstasjon | November 2026 |
| • Betongarbeid inntak / kraftstasjon: | Desember 2026 |
| • Elektromekanisk: | Mars 2027 |
| • Ferdigstilling/driftsetting: | Juli 2027 |
| • Terrengoppussing: | September 2027 |

Planlagt byggetid: 12 månadar

1.5 Lokal orientering/nabovarsling

Kraftverket blir bygd i utkanten av Sandane sentrum. Det ligg eit mindre bustadfelt sør for tiltaksområdet. Gloppen Energi AS er ein lokal energiprodusent som er eigd av SFE og Gloppen kommune. Byggherren har derfor svært god lokalkunnskap om kva informasjonsbehov folk i området har behov for. Byggherren har også tilgang på svært gode informasjonskanalar ut til folk i nærområdet.

Det vil bli sett opp skilt med informasjon om at det føregår anleggsarbeid i området. Entreprenøren er ansvarleg for å sikre anleggsområdet slik at ikkje utanforståande skal komme seg inn på området. Før oppstart vil byggherren informere i lokalmiljøet via sine kanalar som sosiale media og eventuelt annonse i lokalavisa.

2 Gjeldande vilkår og eventuelle endringar

2.1 Om konsesjonen, bakgrunnsnotatet og eventuelle endringar

Tema Vilkår i konsesjonen	Henta frå konsesjonsvilkår, NVE-notat til konsesjonen	Kva består eventuelle endringar i?
1. Vannslipp	<i>Det settes ikke krav til minstevannføring i Evebøfossen.</i>	Ingen endring.
2. Inntak	<i>Inntaket skal utførast i tråd med søknaden.</i>	Ingen endring.
3. Dam	<i>Ny dam bygges på samme sted som eksisterende dam.</i> <i>Dam utformes som en massiv betongdam med overløp i hele lengden.</i> <i>Overløpet plasseres i nivå med dagens overløp og høyeste vannstand forblir uendret på kote 8,05.</i> <i>Ny dam blir ca. 45 meter lang og største høyde blir ca. 1,5 m.</i> <i>Dammen støpes med farget betong for å tone ned det visuelle inntrykket.</i>	Ingen endring 1: Dammen blir utført som platedam med støtter. Kommentar: HRV blir etablert på kote +8,05. Nordlege del av dammen vil få overløp på kote +8,25. Ingen endring. Ingen endring.
4. Minste driftsvannføring	<i>2,8 m³/sek.</i>	Ingen endring.
5. Største slukeevne	<i>14 m³/sek.</i>	Ingen endring.
6. Annet	<i>Plan for utforming av fiskepassasje/trapp for anadrom fisk eller annen vandringsvei skal være utformet i samråd med Miljødirektoratet/Fylkesmannen og elveeierlaget og inngå som del av detaljplanen.</i>	Ingen endring.

	<i>Som del av detaljplanen skal Gloppen Energi AS legge frem plan for tiltak som kan lette opp- og nedvandring for ål. Plan skal være utformet i samråd med faglig personelle for temaet.</i>	Ingen endring.
--	---	----------------

Endring	Grunngjeving for endringar og verknader av disse
1. Dammen blir utført som platedam med støtter	Massivdam er ein type dam som fører til svært stort forbruk av betong. Sidan betongforbruk fører til høge utslepp av CO ₂ og høgde kostnader er det i alle sine interesser å redusere betongforbruket.

Relevante vedtak frå NVE	Dato	Vedtak NVE ref.
Vassdragskonsesjon	01.12.2017	Ref. 201503566-21
Bakgrunn for vedtak	01.12.2017	Ref. 201503566, KSK-notat 78/17

2.2 Fare- og problemområde for miljø og landskap

1. Ta i vare omsynet til fisk på anadrom strekning i Gloppeelva i byggeperioden og i ferdigsituasjonsjonen.
2. Bygging i område med kvikkleire i grunnen.
3. Anleggsarbeid ved elv med tidvis stor vassføring.
4. Uttak av djup byggegrop på eit lite anleggsområde.

2.3 Avbøtende tiltak for miljø og landskap

1. Ta i vare omsynet til opp- og nedvandring av fisk i Gloppeelva i byggeperioden og i ferdigsituasjonen

I Gloppeelva er det ein bestand av atlantehavslaks og sjøaure. Ved Evebøfossen er det laksetrapp både på nord- og sørsida av elva. Laksetrappa på sørsida har innløp i utløpskanalen til kraftverket. Frå innløpet går fisken gjennom klekkeriet, sjå teikning 100-2, til brua som går over utløpskanalen og til laksetrappa på nordsida av utløpskanalen. Vidare går trappa gjennom eksisterande kraftstasjon og opp til inntaksbassenget.

Laksetrappa på nordsida av elva går i ein utsprengd kanal til ein høl rett nedstraums inntaksbassenget. Herifrå kan fisken gå vidare opp i inntaksbassenget.

Byggeperioden til kraftverket vil pågå frå sein haust til tidleg vår. Den ligg dermed i hovudsak utanfor perioden med oppvanding av laks og sjøaure. Under bygging av utløpskanal, kraftstasjon og inntak vil den sørlege laksetrappa vera ute av drift i ein lengre periode. Denne trappa er vanlegvis stengt frå 1. november til midten av mai. Trappa på nordsida av elva er open stort sett heile året. For å ivareta omsynet til laks og sjøaure vil det i samråd med forvaltningslaget bli lagt til rette for å ha minimum ei trapp open. Tidsrom for opne laksetrappar vil bli avklara med forvaltningslaget.

I arbeidet med detaljprosjekteringa er det nytta fiskefagleg kompetanse frå Multiconsult, sjå vedlegg 6. For beskriving av avbøtende tiltak for å ta omsyn til fisk, sjå kapittel 3.

2. Bygging i område med kvikkleire i grunnen

Evebøfossen kraftverk ligg ved foten av kvikkleiresone 2410 – Søreide. Sona er kartlagt av NVE og beskriven i /4/. Den er vurdert til å ha faregrad 1 – lav, konsekvensklasse 3 – meget alvorlig og risikoklasse 3.

Byggeområdet ligg i ytterkanten av sona og i store deler av tiltaksområdet er det fjell i dagen og dermed ikkje fare for å støyte på leire. I sørlege deler av byggeområdet må djupner til fjell og masstype i grunnen kartleggjast. Dette vil i første omgang utførast ved prøvegraving. Dersom graving ikkje gir tilstrekkeleg info vil det bli utført grunnboringar. Med desse undersøkingane vil grunnforholda i heile byggeområdet vera kjende før byggjeart. Dersom det blir funne grunnforhold som krev det, vil stabiliserande tiltak bli prosjekterte og utført.

Stabiliteten i kvikkleira vil kunne bli påverka av sprengningsarbeidet ved uttak av fjell i byggjegropa. Det vil bli sett krav til rystelsar ved sprengningsarbeid. Krav til bli stilt etter NS 8141-3, sjå /5/. Entreprenør skal setje ut og måle rystelsar ved sprengningsarbeid.

3. Anleggsarbeid i elv med tidvis stor vassføring

Gloppeelva er ei stor elv med tidvis høg vassføring. Det vil vera svært viktig med ein god plan for vannhandtering i byggeperioden. Ved oppstarten av anleggsarbeidet vil det bli lagt ut flaumvoll for å lede vatnet vekk frå inntak og kraftstasjonen. For å sikre byggjegrop og konstruksjonen i byggjefasen vil det deretter bli støypet ein flaumvegg i betong mellom

byggjegropa og elva. Veggen vil bli støypt opp til nivå som vil halde byggjegropa tørr i ein 5-årsflaum. Etter byggeperioden vil flaumveggen bli fjerna.

På nedstraums side vil det bli lagt opp flaumvoll ved utløpet frå kraftstasjonen.

Med desse tiltaka vurderer vi byggjegropa som så sikker som den kan bli ved gjennomføring av prosjektet.

4. Uttak av djup byggjegrop på eit lite anleggsområde

Bygging av nytt kraftverk i Evebøfossen inneber graving/sprenging av ei omlag 9 meter djup byggjegrop. Djup byggjegrop på ein liten byggeplass nær ei stor elv vil krevje god planlegging frå entreprenøren si side.

Vekstjord og massar som skal nyttast til tilbakefylling mot konstruksjonar vil bli lagt i innanfor arealbruksgrensa på nord og sørsida av elva. Overskotsmassar vil bli transportert vekk frå anleggsområdet fortløpande i samband med graving av lausmassar og uttak av fjell. Etter støyting av utløpskanal vil massar bli fylt tilbake før oppstart av betongarbeid i neste nivå.

3 Beskriving av anlegget

3.1 Anleggsdeler

Anlegget består av kraftstasjon, inntak og dam, alt i ein konstruksjon.

3.1.1 *Minstevassføring*

Det er ikkje krav om slepp av minstevassføring i konsesjonen.

3.1.2 *Reguleringsmagasin*

Det er ikkje planlagt reguleringsmagasin ved anlegget.

3.1.3 *Dam*

Plasseringa er vist på situasjonsplan teikning 100-2. Konstruksjonen er vist på teikning 121-5 og 123. Dammen blir bygd på same stad som eksisterande dam. Den er mindre enn 2 meter høg og oppdemt magasinivolum er mindre enn 10 000 m³. I henhold til veileder nr. 3/2014 «Veileder til damsikkerhetsforskriften – Klassifisering av vassdragsanlegg» skal dammen automatisk plasserast i klasse 0. Det er etter nemnte veileidar ikkje behov for vedtak om klassifisering frå NVE.

Dammen er planlagt som ein platedam fundamentert på fjell i botn og i sidene. Dersom eksisterande dam er i tilfredstillande stand vil denne bli gjenbrukt ved at ny dam blir støypt på eksisterande konstruksjon. Høgaste punkt frå elvebotnen til HRV blir rett i underkant av 2,0 meter. For å konsentrere vatnet i periodar med låg vassføring i elva vil dammen bli støypt i to overløpsnivå. I

området nærast inntaket ligg overløpet ved HRV på kote +8,05 som angitt i konsesjonen. I den nordlege delen av dammen blir overløpet støypt opp til kote +8,25. Langs den nordlege elvekanten vil det bli lagt opp erosjonssikring i form av voll med plastring mot elva for å hindre at flaumvatn fløymer over beiteområdet på denne sida av elva. Dammen vil bli bygd med fritt overløp, med ei lengde på om lag 45 meter.

For å sikre oppvandring av fisk er det planlagt ny laksetrapp på nordsida av elva. Ny trapp vil ende mot den utsprengde kanalen som går langs den nordlege kanten av elva. Trappa vil føre fisk frå kote +6 og opp til inntaksbassenget på kote +8,05 og den startar ved innløpet til eksisterande kanal som går langs elvekanten på nordsida av elva. Utforminga blir som ei spaltetrapp med 30 cm breide spalter og kulpar på 2 x 3 meter og 1 meter vasshøgde. I kulpene vil det bli lagt naturleg elvesubstrat. Energidissipasjon i fisketrappa vil bli mindre enn 150 W/m^3 . Trappa er utforma i samråd med fiskebiolog.

Dimensjonerande flaumnivå er berekna til 2,75 m over HRV.

Det er ikkje planlagt med tappeluke i sjølve dammen, men det er planlagt løysning for tapping og utspyling av sediment gjennom røyr under inntakskassen, sjå kapittel 3.1.4.

3.1.4 Inntak, vassveg og kraftstasjon

Inntak, vassveg og kraftstasjonen til Evebøfossen kraftverk er ein og same konstruksjon. Den ligg på same stad som eksisterande inntak og kraftstasjon. For å forbetre forholda for fisk i vassdraget, ligg inntaksrista flatare enn eksisterande rist og den går dermed lenger ut i elva. For å lede vatn mot inntaket skal det sprengast ei renne i inntaksbassenget, sjå teikning 101-2 og 110. Renne vil også lede sediment i inntaksbassenget mot spylearrangementet under finrista. Teikning 101-2 viser situasjonsplan for konstruksjonen og teikningane 120-1,2,3,4, 121-1,2,3,4,5 og 123 viser plan, snitt og 3D perspektiv av planlagt tiltak. Inntaket består av eit neddykka våtkammer med skråstilt finrist. Nedstraums rista vil det bli montert stengeluke.

Følgande data gjeld for planlagt inntak:

- Neddykka finrist med helling 30 grader med $b \times h = 9,4 \times 6,0 \text{ m}$. Spalteavstand mellom spiler i rista på 12 mm. Horisontal vannhastigheit mot rista på $<0,5 \text{ m/s}$. Brutto vannhastigheit vinkelrett over rista på $0,26 \text{ m/s}$ og netto vannhastigheit vinkelrett på rista på $0,44 \text{ m/s}$.
- Røyr ved toppen av finrista som fluktmoglegheit for fisk, røyra blir leda til laksetrappa som går gjennom kraftstasjonen. Utløpet i fisketrappa vil vera dykka.
- Konisk «kjellar» under finrist som vil fungere som spyle- og tappefunksjon i inntaksbassenget. Frå denne kjellaren blir det montert røyr og spyleventil som vil lede sediment og lauv i inntaksbassenget til utløpskanalen.
- Ledevegg mot oppstraums i elva som er dimensjonert for flaumar med gjentaksintervall på $Q_{200} + \text{klimapåslag}$.
- Rensking av inntaksrista med grindrenskar.
- Fylling av vannvegen skjer ved opning av stengeluka.
- Inntaket vil stå permanent neddykka og vil være dimensjonert for dette.

- Stengeluke nedstrøms finrist med $b \times h = 5,28 \times 2,9$ meter.

Vassvegen til Evebøfossen kraftverk består av ein skrå betongkanal som leder vatnet frå inntaksnivået til turbinnivået i kraftstasjonen. Innløpet til kanalen er konisk utforma. Sjølve kanalen har eit areal på 15 m^2 , $b \times h = 5,28 \times 2,85$ meter.

Kraftstasjonen vil bestå av maskinsal med ferdig golv på kote +2,0. Maskinsalen vil også huse kontroll- og høgspentskap. I hjørne av kraftstasjonen mot inntaksbassenget vil det vera tilkomst til betjening av spyleventilen. Mellom inntak og maskinsal vil laksetrappa gå gjennom konstruksjonen slik den gjer i eksisterande konstruksjon. Utforminga til ny trapp blir som den eksisterande kulpetrappa med spor på $b \times h = 50 \times 40$ cm. Eksisterande laksetrapp blir bevart som den er utanfor byggeområdet for den nye konstruksjonen. For å ivareta oppvandring av glass-ål og små gul-ål vil det bli etablert ei renne langs eksisterande og ny laksetrapp på sørsida av elva. Renne vil bli ført ned til elva i eit straumsvakt område i elva. Renne vil bli utforma med børstemateriale i botnen, den vil ha låg vannføring og den vil ha moderat stigning som følgjer laksetrappa.

Trafo vil bli plassert i eige bygg ved parkeringsplassen, sjå teikning 101-2. Det blir parkering og snuplass på sør- og austsida av bygget, slik det er ved eksisterande kraftstasjon. Tilkomstvegen blir som eksisterande veg.

Avløpet er planlagt som plasstøpt kulvert til elva. For å oppnå tilstrekkeleg evakuering av vatnet frå kraftstasjonen må eksisterande utløpskanal utvidast. Det er trangt mellom klekkeriet og laksetrappa og utviding må derfor skje ved å sprengje den ned i terrenget. Nivået i eksisterande kanal ligg om lag på kote 0 ved dagens utløp med fall mot Gloppeelva. Ny utløpskanal vil bli sprengt ned til kote -2 og den blir dermed utvida med om lag 9 kvadratmeter. Vannstanden i utløpskanalen vil variere etter vannstanden i Gloppefjorden og vannføring i Gloppeelva. Ved vannstand til kote 0 i utløpskanalen vil vannhastigheiten her vera 1,5 meter pr. sekund. Den vil dermed ikkje bli auka i forhold til dagens situasjon. Innløpet til den sørlege laksetrappa ligg i utløpskanalen til kraftverket. Dersom senkinga av utløpskanalen fører til at innløpet blir forringa vil det bli utført avbøtande tiltak slik at fisken har like gode forhold for å komme inn i laksetrappa som før utbygginga. Tiltak vil vera å sage vekk eksisterande betongvegg, pigge ned fjell og lage ein smal spalt eller trapping inn i laksetrappa.

Det er ikkje utført grunnundersøkingar i kraftstasjonstomta, men det er registrert fjell i dagen fleire stader. Kraftstasjonen er planlagt fundamentert på lausmassar i utsprengd byggjegrop.

Det er planlagt maksimalt vassuttak på $14,0 \text{ m}^3/\text{s}$. Val av turbinløysing er basert på dette. Kraftverket skal kunne operere på alle driftsvassføringer frå $2,8 \text{ m}^3/\text{s}$ til $14 \text{ m}^3/\text{s}$.

Andre spesifikasjonar for kraftstasjonen:

- Kraftstasjonen er planlagt med OK golv på kote + 2,0, senter ledeapparat på kote +0,22 og terskel i utløpskanal på kote -2,0. Teknisk rom for tilkomst til spyleventil vil ha OK golv på kote +0,2.
- Utført i plasstøpt betong opp til over terrengnivå. Overbygget vil bli utført med bindingsverksvegger med trekledning.
- Hovudmål for maskinsalen er, $l \times b \times h = 8,5 \text{ m} \times 7,5 \text{ m} \times 7,3 \text{ m}$ (utvendige mål og takhøgde over senter turbin i maskinsal)

- Kraftstasjonen er delt inn i maskinsal (63,8 m²) og teknisk rom for tilkomst til spyleventil (10,5 m²). Totalt 74,3 m² (innvendig areal).
- Generatoren vert luftkjølt. Avtrekk frå generatoren vil gå via ein kanal til avkast i veggen mot vest.
- I maskinsalen vert det sett inn lufteventilar og vifte for å ventilere ut restvarme.
- Alle rom får isolerte vegger og tak.
- Kraftstasjonen blir bygd med pulltak med 15° helling.
- Kraftstasjonen får demonterbar takseksjon for å heise inn og ut større utstyr (generator).
- Utløpskanal vert støypt mot fjell i sidene for å sikre konstruksjonen mot erosjon.
- Trafo vert eit eige bygg på austsida av parkeringsplassen ved kraftstasjonen.

3.1.4.1 Støy

Evebøfossen kraftverk vil få ein kaplanturbin med lågt turtal (250 rpm). Støy frå turbin og generator vil dermed ikkje vera problematisk. Avtrekksvifte frå maskinsalen vil ha retning mot vest, i same retning som Evebøfossen. Det vil vera overløp over dammen og dermed vatn i fossen store deler av året. Støy frå fossen vil overdøye støyen frå vifta. Bygningen ligg også skjerma i terrenget. Støy frå kraftstasjonen er vurdert til å ikkje vera til sjenerande for folk eller dyr i området.

3.1.5 Vegar

Eksisterande vegar, nye permanente vegar og midlertidige vegar er vist på situasjonsplan (teikning 100-2) og arealbruksplan (teikning 105).

3.1.5.1 Permanente vegar

Det vil ikkje bli bygd nye permanente vegar i samband med tiltaket. Eksisterande parkering og vegen på sørsida av kraftstasjonen vil bli tilbakeført med same areal som dei hadde før byggjestart med tilpassing til ny konstruksjon i høgde.

3.1.5.2 Midlertidige vegar

Det er behov for to midlertidige vegar for å byggje konstruksjonen.

Tilkomstveg til nordsida av elva for å byggje dam, laksetrapp og flaumsikring:

For å ha tilkomst til den nordlege delen av elva må det byggjast ein midlertidig veg mellom fylkesveg 5733 og Gloppeelva, sjå teikning 101-2. Vegen blir om lag 30 meter lang. Vekstjord vil bli lagt til side og nytta i samband med terrengoppussing.

Tilkomstveg til inntaksbassenget for å byggje midlertidig flaumvoll mellom elva og byggjegropa:

For å ha tilkomst til inntaksbassenget må det byggjast ein midlertidig veg mellom fylkesveg 5733 og eksisterande laksetrapp, sjå teikning 101-2. Vegen vil bli bygd med stadlege og eksterne massar og den blir om lag 40 meter lang. Vekstjord vil bli avdekka og lagt i deponi. Jorda vil bli nytta i samband med terrengoppussing.

For plassering av midlertidige vegar, sjå situasjonsplan, teikning 101-2 og arealbruksplan, teikning 105.

3.1.6 Riggområde

Det er planlagt 3 riggområde ved anlegget. Riggområda er midlertidige. Ved riggområde 1 og 2 vil vekstjord vil bli avdekka og lagt i deponi. Jorda vil bli nytta i samband med terrengoppussing. Ved riggområde 3 vil det bli lagt fiberduk og eit forsterkningslag av sprengstein rett på dyrka mark.

Riggområde 1 (500 m²) er planlagt ved kraftstasjon. Området vil vera hovudriggområdet på anlegget og det vil bli nytta til alle aktivitetar som skjer i kraftstasjonen. I samband med uttak av sprengstein i byggjegropa vil riggområdet bli fylt opp med massar som seinare skal nyttast til tilbakefylling mot konstruksjonar.

Riggområde 2 (120 m²) er planlagt på nordsida av elva. Det vil fungere som lager for alt som må til for å bygge nordlege del av dam og laksetrappa i den nordlege delen av elva.

Riggområde 3 (680 m²) er planlagt langs sørsida av Fossevegen. Sidan området ved kraftstasjonen har begrensa plass vil dette riggområdet fungere som supplerande lager og for parkering av bilar.

3.1.7 Masseuttak/massedeponi

Det er ikkje planlagt med permanente masseuttak eller massedeponi i anleggsområdet. Det vil bli masseoverskot i prosjektet. Massar frå byggjegropa vil bli nytta som elveforbygning og plastring mot inntaksbassenget på nordsida av elva og til tilbakefylling mot betongkonstruksjonen.

Overskotsmassar utover dette vil bli transportert ut av anleggsområdet til graveentreprenøren sitt godkjende deponiområde.

3.1.8 Tilknyting til nettet

SFE har anleggskonsesjon for Evebøfossen i dag. I samband med utbygginga og auka installert effekt frå 380 kW til 870 kW har SFE søkt om endring av anleggskonsesjonen .

Avtale om nettilknyting ligg vedlagt som vedlegg 5.

3.2 IK-vassdrag

3.2.1 Generelt

Målsetting for drifta av kraftverket er å drive utan avvik. Om det likevel skulle oppstå avvik blir desse registrerte, korrigerte og tiltak sett i verk for å hindre gjentaking. Dersom avviket er alvorleg, blir det rapportert til ansvarleg myndighet.

3.2.2 Prosedyre for avviksregistrering

Hensikt:

- Sikre at alle avvik blir registrerte og rapporterte
- Sikre forbedring av prosedyrar/rutinar

Ansvar:

- Alle involverte/tilsette ved anlegget har ansvar for å rapportere avvik.
- Byggeleder (anleggsfase) og HMS/internkontrollansvarleg (driftsfase) har ansvar for å registrere og følge opp rapporterte avvik.
- Byggeleiar (anleggsfase) og dagleg leiar (driftsfase) har ansvar for å behandle og lukke avvik.

Registrering og behandling:

- Alle avvik skal registrerast på eige skjema som ligg i vedlegg 3. Det skal nyttast eit skjema for kvart avvik.
- Byggeleder (anleggsfase) og HMS/Internkontroll ansvarleg (driftsfase) har ansvar for å ajourføre avviksloggen (sjå skjema).
- Driftsleder er ansvarleg for igangsetting av korrigerande tiltak og for å sjå til at disse blir gjennomført innan fristen. Når dette er gjennomført vert avviket lukka/signert av ansvarleg person og arkivert.

Kontrollpunkt:	
Rutinar	Beskrivelse
Kven har ansvaret for gjennomføring av tilsyn?	
Kor ofte blir tilsyn gjennomført?	
Er det særskilt tilsyn på forhold som er kartlagt jf. §§ 5.6?	
Frekvens for tilsyn/registrering i kraftstasjonen?	
Korleis vert avvik avdekka, registrert, behandla og lukka?	

4 Forhold rundt anlegget


4.1 Naturfare

I samband med synfaring og oppmåling for detaljplanlegging er området vurdert med omsyn til flaum- og skredfare. I tillegg er området sjekka mot NVE sine digitale temakart for skred og flaum.


Områdestabilitet: Tiltaksområdet ligg under marin grense/aktsemdssone for marin leire. Utklipp frå temakartet er vist på Figur 1. Det er utført kartlegging av risiko for kvikkleireskred i Gloppen kommune og det er påvist kvikkleire i området på Søreide, sjå /4/ og figur 1 og 3 under.

Vurdering av skredfare: Ifølge NVE temakart ligg deler av tiltaksområdet innanfor aktsemdområdet for jord- og flaumskred. Maskinsalen og inntaket ligg mellom to ulike aktsomheitsområder, eit med løysneområde frå sør og eit frå nord. Tiltaksområdet ligg ikkje i aktsomheitsområde for snøskred eller steinsprang. Utklipp frå nemnte temakart er vist i figur 1 og 2.

Vurdering av flaumfare: Tiltaket ligg i og ved ei stor elv og det vil naturleg vera utsett for flaumfare. Det er utført flaumberekningar med programvaren GeoHECRAS. Det er nytta flaum med 200 års gjentakintervall i berekningane og det er lagt til 20% klimapåslag.



Figur 1 Aktsemdområde for kvikkleireskred




Figur 2 Aktsemdområde for jord- og flaumskred

4.1.1 Maskinsal og inntak

Kvikkleire: Maskinsal og inntak ligg i ytterkanten av ei kvikkleiresone med faregrad 1, sjå /4/ og figur 3 under. Det er fjell i dagen i utløpskanalen og i fundamentet til eksisterande dam, sjå bilde 1 under. Grunnforholda er dermed kjende rundt heile byggjegropa med unntak av sørlege deler. Før byggjearbeid vil det bli utført grunnundersøkingar for å kartlegge djupne til fjell og masstype i lausmasseskråningar mot sør. Det vil først bli greve prøvegroper med gravemaskin. Dersom desse undersøkingane ikkje gir tilstrekkeleg informasjon vil det bli utført grunnboringar. Grunnundersøkingane vil gi ein betre avgrensing av utbredelesen til kvikkleira som er vist på figur 3. Det vil vera stort fokus på at graving ikkje skal skje i skråningen opp mot Fossevegen då graving i foten av skråninga vil kunne redusere områdestabiliteten til kvikkleira i området.

I samband med sprengningsarbeid i byggjegropa vil det bli stilt krav til rystelsar. Øvre grense for rystelsar vil bli berekna etter NS 8141-3:2025.





Bilde 1: Vestleste del av tiltaksområdet med eksisterende utløpskanal og kraftstasjon midt i og øvst i bildet, klekkeriet kan sjåast til høgre i bildet. Raude stjerner viser område med fjell i dagen. Bildet er teke frå vest mot aust.

Jord og flaumskred: Aktsomheitskartet frå NVE viser at maskinsal og inntak ligg mellom to ulike aktsomheitsområde for jord- og flaumskred. Eit område har løysneområde i skråninga sør for tiltaket ved foten av skråninga. Skråninga stig mot sør med helling i snitt 1:2,2 (24-25 grader). Skråninga er relativt kort med lengde på omlag 20 meter frå vegen ved kraftstasjonen til Fossevegen ovanfor. Frå Fossevegen og vidare mot sør ligg terrenget tilnærma flatt. Kort skråning og relativt slak helling medfører at utglidingar frå skråninga ikkje vil ha kapasitet til å påføre skade på konstruksjonen. Desse forholda fører til at sikkerheit mot jord- og flaumskred frå sør er tilfredstillande.

Det andre aktsomheitsområdet har løysneområde nord for tiltaksområdet. Området langs elva er relativt flatt med helling om lag 1:10 (5-6 grader). Vidare mot nord og toppen av utløpsområdet er hellinga noko brattare med helling om lag 1:6,7 (8-9 grader) I det nordlege området viser bilde 2 at det er lite lausmassar over fjell med djupner mindre enn 0,5 meter. Det nordlege landkaret til brua og flaumvollen som skal etablerast langs elva vil også fungere som hindringar for eventuelle jord- og flaumskred frå nord.

Flaumfare: Inntak og kraftstasjon er dimensjonerte for 200-års flaum med 20% klimapåslag. På nordsida av elva vil det bli bygd plastra flaumvoll mot elva for å hindre at elva går over sine breidder og inn på dyrka mark / beite. Flaumvollen blir bygd opp til 0,5 meter under dimensjonerande flaum slik at vatnet overtoppar denne før det overtoppar flaumveggene i inntaket.



Bilde 2: Tiltaksområdet inkludert aktsomhetsområda området nord og sør for tiltaket. Bildet er teke frå vest mot aust. Stjerner viser synleg fjell i dagen.

Vi vurderer tiltaket med ny kraftstasjon, inntak og dam til å ligge i sikkerheitsklasse S1. Årleg sannsyn for skred mot konstruksjonen skal dermed vera $\leq 1/100$.

Ut frå vurderingane over vurderer vi sannsynet for skred mot konstruksjonen til å vera mindre enn eit skred pr. 100 år. Konstruksjonane er også sikra mot flaumar i vassdraget. Sikkerheit mot flaum og skred mot tiltaksområdet er dermed tilfredstillande.

4.2 Klimatilpassing

Miljødirektoratet har utarbeid fylkesvise klimaprofilar som kjem med tilrådingar om klimapåslag ved flaumberekningar. Alle konstruksjonar vil være dimensjonerte for 200 års flaum med 20% klimapåslag. Utrekning av kapasitet for overløpsterskel/dam ligg vedlagt, vedlegg 4.

4.3 Naturmangfaldlova

Tiltaksområdet er kontrollert opp mot karttenesta artsdatabanken og miljødirektoratet (Naturbase).

Gloppeelva er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag, men det finst ein bestand av laks og sjøaure i elva. I samråd med Gloppenelva forvaltningslag vil det bli utført tiltak som betrar forholda for opp- og nedvandring av desse artane. Det vil også bli lagt til rette for opp- og nedvandring av ål.

Det er ikkje gjort registreringar av raudlista artar eller utvalde naturtypar innanfor tiltaksområdet.

Tiltaket råkar heller ikkje verna område eller regionale verneplanar.

Tiltaket ligg i øvre del av det klassiske deltaet der Gloppeelva renn ut i Gloppefjorden. Tiltaket vil erstatte eksisterande konstruksjonar og påverknaden på delta-området vurderast som neglisjerbar.

4.4 Kantvegetasjon

Ved inntaket vil ny konstruksjon erstatte eksisterande og kantvegetasjon vil dermed ikkje bli råka. Ved damfeste på nordsida av elva er det behov for ein flaumvoll. Her vil kantvegetasjonen langs 20 meter av elva bli råka. Ny flaumvoll blir plastra og for å sikre stabilt og erosjonssikkert fundament for plastringa må vegetasjon og lausmassar fjernast.

Viser til situasjonsplan, teikning 101-2 og arealbruksplan, teikning 105.

4.5 Forholdet til andre myndigheiter / lover

4.5.1 Plan- og bygningsloven

Området ligg i eit område som er avsett til kraftverk i arealplanen til Gloppen kommune.

4.5.2 Kulturminnelova

Det er påpeikt i vedtaket frå NVE at utbyggjar skal undersøkje om tiltaket berører automatisk freda kulturminne etter kulturminnelova §9. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med kjende, automatisk freda kulturminne. Dersom det i samband med utbygginga skulle framkome automatisk freda kulturminne vil ein visa aktsemd og melde frå jf. Kulturminnelova §8, 2. ledd.

4.5.3 Forureiningslova

Tiltaket er vurdert å felle inn under forureiningslova §8 om løyve til midlertidig anleggsverksemd. Anleggsarbeid ved kraftstasjon, deler av røyrgata, inntak og dam vil skje i og nær elv. Før oppstart av grunnarbeid i byggjegrop må det etablerast flaumsikring mot elva. Det må først etablerast ein flaumvoll før det vil bli støypet ein flaumvegg i elva. Det vil bli lagt vekt på å gjennomføre dette førebunde arbeidet i periode med lite vassføring i elva. Når flaumveggen er etablert vil det bli lite vatn i byggjegropa.

Dersom det blir tankanlegg for drivstoff ved anlegget vil dette bli etablert ved riggområde 1, ved kraftstasjonen. Det skal nyttast spillsikre tankar. Det skal vera absorbentar tilgjengeleg på riggområder og i maskiner.

Betongarbeid vil bli utført tørt slik at utslepp av vatn med høg pH ikkje vil førekomme. Ved vatn i byggegrop vil det ikkje bli utført støyping. Uttak av fjell vil føregå i dagen noko som fører til lite finstoff og dermed lite suspendert stoff i vatnet i byggegropa. Ved behov for pumping av vatn frå byggegropa vil det bli pumpa til ei pumpegrop for naturleg sedimentering av vatnet.

4.5.4 Drikkevassforskrifta

Utbyggjar har vore i kontakt med grunneigar for å få oversikt over eventuelle drikkevassuttak som kan bli råka av utbygginga. Det er ikkje kjende vassuttak i delen av Gloppeelva som blir påverka av utbygginga.

4.5.5 Mineralloven/-forskrifta

Uttak er nødvendig for å realisere utbygginga av Evebøfossen kraftverk og er vurdert til å ikkje vere omfatta av minerallova. Viser til §3 «Loven gjelder likevel ikke uttak som hovedsakelig er en del av annen utnyttelse av grunnen».

4.5.6 Motorferdsellova

Bruk av anleggsmaskiner ved tiltaket vil føregå innanfor godkjende arealbruksplanar. Viser til arealbruksplan, teikning 105.

4.5.7 Veglova

Tiltaket vil føre til noko auka trafikk langs fylkesveg 5733 og eksisterande avkøyrslø mot kraftverket. I driftsfasen til trafikken bli som den er i dag. Det vil også bli behov for eit midlertidig avkøyrslø for tilkomst til riggområde 2, dam og fisketrappa på nordsida av elva. Det vil bli søkt Vestland fylkeskommune om løyve til utvida bruk av avkøyrslø mot kraftstasjonen, ny midlertidig avkøyrslø til riggområde 2 og utvida bruk av avkøyrslø mot Fossevegen (tilkomst til riggområde 3).

4.5.8 Reindriftslova

Tiltaket kjem ikkje i konflikt med reindrift.

5 Vedlegg

1. Oversiktskart
2. Bilde og fotomontasje frå tiltaksområdet
3. Utdrag av internkontrollplan
4. Flaumutrekning dam / inntak
5. Avtale om nettilknytning
6. Multiconsult AS - Notat om fiskevanding (blir ettersendt)
7. Teikningsliste og teikningar

6 Referansar

1. NVE *Bakgrunn for vedtak – Trysilfossen, Eidsfossen og Evebøfossen kraftverk*, 201503566, KSK-notat 78/17, 01.12.2017
2. NVE Vassdragskonsesjon – Evebøfossen kraftverk, 201503566-21, 01.12.2017
3. NVE Temakart, <https://temakart.nve.no/>
4. NVE Ekstern rapport nr. 5/2022 – Oversiktskartlegging kvikkleire – Risiko for kvikkleireskred i Gloppen kommune
5. Norsk Standard NS 8141-3:2025 Vibrasjoner og støt – Veiledende grenseverdier for bygge- og anleggsvirksomhet, bergverk og trafikk – Del 3: Virkning av vibrasjoner på utløsning av skred i kvikkleire og andre sprøbruddmaterialer
6. Artsdatabanken.no
7. Miljødirektoratet Naturbase.no

7 Dokument som ettersendast

Vedlegg 6. Multiconsult AS – Notat om fiskevanding

Vedlegg 1 – Oversiktskart



Prosjektforklaring

- Nedbørfeltgrense for regulering
- Vassveg (nedgravd røyrgate)
- +++ Kraftlinje
- Kraftverk
- Inntak
- Dam
- ▼ Målepunkt minstevannføring
- Informasjonsskilt
- Riggområde

Bakgrunnskart

- Tett bebyggelse
- Vann
- Kommunegrense
- Europaveg/Riksveg
- Kommunal veg, privat veg
- Sti
- Høgdekurve
- Elv, bekk

Enebøfossen Kraftverk

Oversiktskart A3

Målestokk ca 1 : 50 000
Ekvidistanse 50/100 meter

Vedlegg 2 - Bilde og fotomontasje frå tiltaksområdet



Tiltaksområdet ved Evebøfossen, bilde teke mot aust



Tiltaksområdet ved Evebøfossen, mot oppstrøms/aust




Tiltaksområdet ved Enebøfossen, mot nedstraums / vest


Vedlegg 3 - Utdrag av internkontrollplan

Varslingslister anleggs- og driftsfase

Varslingsliste byggefase



Varslingsliste driftsfase



Registreringsskjema for avvik og avviksjournal

Registreringsskjema – Avvik

Revisjon:	Frekvens:	Godkjent av:	Gjeld frå dato:	Skjema nr.:
0	Ved behov	Gloppen Energi AS v/ John Morten Selsvik		

Gjeld kontroll av:	Avvik nr.:
--------------------	------------

Avvik:

Dato:

Sign:

Korrigerende tiltak:

Midlertidig:

Permanent:

Dato:

Sign:

Tiltak gjennomført, avviket lukka:

Dato:

Sign:

Registreringsskjema avvikslogg

Registreringsskjema – Avvikslogg				
Revisjon:	Frekvens:	Godkjent av:	Gjeld frå dato:	Skjema nr.:
0	Ved behov	Gloppen Energi AS		

[illegible]

Vedlegg 4 – Flaumutrekning dam / inntak

Vedlegg 4

Kapasitet, overløpsterskel dam					
$Q = C * L * H_0^{3/2}$	Nivå DFV	10,8 moh			
	Nivå HRV	8,05 moh	Flaumløp dam	8,25 moh	Flomvern
H	2,75 m		2,55 m		0,00 m
n	0,0 stk		0,0 stk		0,0 stk
L	25,8 m		17,4 m		0,0 m
C	1,90		1,90		0,00
L _{eff}	25,8 m		17,4 m		0,0 m
Q=	223,5 m ³ /s		134,6 m ³ /s		0,0 m ³ /s
Q kapasitet totalt (overløp)		358,2 m ³ /s			

Vedlegg 5 - Avtale om nettilknytning

John Morten Selsvik

Dykkar ref.
Ref.:1067663-
Skjemanr.:800006

Vår ref.
26/449 - 3

Dato
07.05.2026

SVARBREV - TILKNYTNING EVEBØFOSSEN KRAFTVERK

Linja AS har mottatt henvendelse fra Gloppen Energi AS der de søker om tilknytning av økt produksjon på 490 kW til totalt 870 kW, til nye Evebøfossen kraftverk ved gbnr 2/36 i Sandane, Gloppen kommune. Divisjon Nettutvikling har gjort en kapasitetsanalyse for å vurdere om det er driftsmessig forsvarlig (DF) å knytte til økt produksjon til Linja sitt høyspente distribusjons- og regionalnett.

Det er konkludert med at det er driftsmessig forsvarlig å knytte til 870 kW produksjon (økt fra 380 kW i dag), forutsatt lokale tiltak.

Det må understrekes at kapasitetsanalysen er gjort med bakgrunn i et øyeblikksbilde for situasjonen i nettet i dag. Dette kan endre seg og medføre ytterligere nettforsterkinger og vilkår.

Grovt uforpliktende kostnadsoverslag/teknisk løsning:

Linja ønsker å gi dere et grovt og uforpliktende kostnadsoverslag for ovennevnte tiltak i distribusjonsnettet:

- Nettstasjon: etableres ny frittstående nettstasjon for tilknytning av kraftverket, samt 22kV kabling fra eksisterende nett i området. Netstasjon etableres med effektbryter på avgang mot kraftverket (grensesnitt vil være ved tilkobling av kabel fra kraftverket), målefelt og kommunikasjon mot driftssentral. Kraftverket står som eier og må søke anleggskonsesjon for høyspentanlegg i kraftverket inkl. kabling fra nettstasjon og frem til kraftverket. Plassering av nettstasjon avklares under detaljprosjektering, men er i grovt overslag tatt utgangspunkt i plassering vist i figur 1 under og forutsatt at kunde står ansvarlig for etablering av kabelgrøfter.

Som beskrevet over må det etableres en ny frittstående nettstasjon for forsyning av det nye anlegget. Endelig plassering av nettstasjon må avklares i dialog mellom Linja, kunde og grunneier.

Det er ikke tatt med noen gravekostnader i dette overslaget, dersom det likevel er ønskelig at Linja AS ordner med graving må vi hente inn priser fra graveentreprenør og revidere overslaget.

Dersom plassering av nettstasjon ikke blir som skissert i figur 1, vil dette kunne gjøre utslag i overslaget da kabellengder vil bli endret.


Pr. 07.05.2026 er det beregnet et uforpliktende kostnadsoverslag på rundt **0,9 MNOK** for tilknytning av økt produksjon til totalt 870 kW ved nye Evebøfossen kraftverk ved gbnr 2/36 i Gloppen kommune. Merk at etablering av fordelingstransformator og lavspentanlegg for forsyning av eksisterende kunder ikke er inkludert i overslaget, og det er tatt utgangspunkt at dette dekkes av Linja. Det er også trekt fra reinvesteringskostnader for dagens høyspentanlegg som forsyner eksisterende fordelingstransformator og kraftverk.

Ved endelig bestilling av tilkoblingen vil det bli hentet inn priser for beregning av anleggsbidraget, og det vil bli sendt ut en avtale om anleggsbidrag for signering. Det vil også bli utarbeidet tilknytningsavtale for kraftverket. Både tilknytningsavtale og avtale om anleggsbidrag må være signert og godkjent før spenningssetting av nytt anlegg.

Tilbakemelding/svarfrist:

For å gå videre med prosjektet trenger Linja en tilbakemelding på at grovt overslag over kostnader slik det er skissert aksepteres. Ved aksept av at vi skal gå videre med prosjektet, er tilknytningen å se på som bestilt og dere aksepterer at kostnader til utredning og detaljprosjektering blir del av kostnadsgrunnlaget for anleggsbidrag.

Svarfrist settes til 6 uker fra brevets dato. Dersom Linja ikke mottar tilbakemelding innen fristen, vil prosjektet bli vurdert som umodent og falle ut av køen. Ny søknadsprosess må da startes om prosjektet likevel skal gjennomføres.



Figur 1: Foreslått plassering av ny nettstasjon (avklares nærmere under detaljprosjektering).

Vennlig hilsen
Linja AS

Erling Austreim
Avdelingsingeniør Prosjekt

Dokumentet er elektronisk godkjent av Linja og har derfor ingen signatur

Vedlegg 6 – Multiconsult AS – Notat om fiskevandring

Vedlegg 7 - Teikningsliste og teikningar

TEIKNINGSLISTE

RÅDG. ING. BYGGETEKNIKK.

Byggherre: **Gloppen Energi AS**

Prosjekt: **Nye Evebøfoss kraftverk**

Prosjektnr.	26101
Listenr.	Rev A
Dato:	14.04.2026
Revidert:	07.07.2026

A	Gloppen Energi AS
B	Prosjekt og byggeleiar - Odd Rune Håland, Fjordane Tekniske
C	Entreprenørar
D	NVE

MELDETEIKNINGAR

Tegn. Nr.	Tekst	Mål/ Format	Dato	Rev. Dato	Rev	Distrib.					
						A	B	C	D	E	F
100-1	Situasjonsplan - Riving	1:100	A1	30.03.2026	06.07.26	A	x	x	x	x	
100-2	Situasjonsplan – Nytt kraftverk	1:250	A1	30.03.2026	06.07.26	A	x	x	x	x	
105	Arealbruksplan	1:250	A1	06.07.2026			x	x	x	x	
110	Snitt byggegrop	1:100	A1	06.07.2026			x	x	x	x	
120-1	Kraftstasjon og inntak - Plan 1	1:50	A2	07.04.2026	07.07.26	A	x	x	x	x	
120-2	Kraftstasjon og inntak - Plan 2	1:50	A2	07.04.2026	07.07.26	A	x	x	x	x	
120-3	Kraftstasjon og inntak - Plan 3	1:50	A1	07.04.2026	07.07.26	A	x	x	x	x	
120-4	Kraftstasjon og inntak - Plan 4	1:100	A1	07.04.2026	07.07.26	A					
121-1	Kraftstasjon og inntak - Snitt A	1:50	A2	07.04.2026	07.07.26	A	x	x	x	x	
121-2	Kraftstasjon og inntak - Snitt B	1:50	A2	07.04.2026	07.07.26	A	x	x	x	x	
121-3	Kraftstasjon og inntak - Snitt C	1:50	A2	07.04.2026	07.07.26	A	x	x	x	x	
121-4	Kraftstasjon og inntak - Snitt D	1:50	A2	07.04.2026	07.07.26	A	x	x	x	x	
121-5	Kraftstasjon og inntak - Plan 5 og snitt E-F og snitt ny laksetrapp	1:25 1:50 1:100	A1	07.04.2026	07.07.26	A	x	x	x	x	
123	Kraftstasjon og inntak - 3D perspektiv	-	A1	07.04.2026	07.07.26	A	x	x	x	x	